

Møteprotokoll

Utval: Volda kontrollutval
Møtestad: Hornindal Smia - Kommunestyresalen
Dato: 30.11.2021
Tid: Kl. 13:00 – 16:35.

Medlemmar som møtte	Reprenterere	Funksjon
Inger Gjengedal Håvik		medlem
Inghild Remøy		medlem
Jørgen Holte		medlem
Ragnhild Folkestad		medlem
Solfrid Oline Førde		leiar

Forfall	Reprenterere	Varamedlem	Reprenterere
Inge Aleksander Bruheim		Anne Helen Sundalsfoll	
Pål Ruben Seljeset Tomasgard			

Andre som møtte

Vest kontroll:

Jostein Støylen. Dagleg leiar.

Astrid Landsverk Sande. Konsulent.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS:

Halldis Moltu. Oppdragsansvarleg revisor. Ikkje i sakene 55 – 56 og 57.

SSIKT:

Odd Arild Djupvik. Leiar i driftssenteret. I sak 50 OS 09/21

Kommunen:

Paul Otar Tornes. Prosessleiar for digitalisering. I sak 50 OS 09/21

Voldsfjordkryssing AS:

Ola Krumsvik. Styreleiar. I sak 50 OS 11/21.

Sakene vart behandla i denne rekkefølge:

47 – 48 – 50 OS 09 – 51 – 52 – 50 OS 11 – 50 OS 10 – 49 – 53 -54 – 55 – 56 og 57.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
47/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	21/416
48/21	Godkjenning av protokoll	21/416
49/21	Skriv og meldingar	21/416
50/21	Orienteringar	21/416
51/21	Økonomirapport 2. tertial 2021	21/516
52/21	Finansrapport pr. 31.08.2021	21/501
53/21	Forenkla etterlevingskontroll 2021 Volda - Risikovurdering	21/500
54/21	Budsjett for kontrollarbeidet 2022 - Volda	21/450
55/21	Gjennomgang av møteprotokollar	21/416
56/21	Vedtaksoppfølging kontrollutvalet	21/416
57/21	Saker til eventuell seinare behandling	21/416

Austefjorden 07.12.2021

Solfrid Oline Førde
Leiar

47/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Leiar får fullmakt til å endre sakslista i høve til tidspunktet for dei som skal orientere.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

48/21 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

49/21 Skriv og meldingar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
16/21	Frå Kommunal rapport - Kontrollutvalget er lite egnet som varslingsmottak
17/21	Frå Kommunal rapport - Mener dataangrep kunne vært hindret med enkle midler
18/21	Frå Kommunal Økonomi - offentlege søkjarlister
19/21	Innsyn i norske kommuner - Åpenhetsbarometeret 2021
20/21	veilder-internkontroll_oktober-2021

Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

50/21 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
09/21	Datasikring - Orienteringar
10/21	Dokument frå Volda utvikling
11/21	Voldsfjordkryssing AS - orientering og årsrekneskap

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.
2. OS 10/21 Kontrollutvalet ber om å få alle styreprotokollar frå stiftingsdato til dags dato. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektøren personleg møter på neste møte for å orientere og svare på spørsmål.

Behandling:

OS 09/21: Datasikring - Orienteringar

Prosessleiar digitalisering Paul Ottar Tornes i Volda kommune og SSIKT v/leiar i Driftssenteret Odd Arild Djupvik orienterte og svare på spørsmål. Det vert vist til powerpoint som vert lagt på saka.

OS 10/21: Dokument frå Volda utvikling

Det vert vist til dokumenta som ligg på saka.

OS 11/21: Voldsfjordkryssing AS - orientering og årsrekneskap

Styreleiar Ola Krumsvik orienterte og svare på spørsmål. Det vert vist til vedlagte dokument og powerpoint som vert lagt på saka.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

51/21 Økonomirapport 2. tertial 2021

Vedtak:

Kontrollutvalet tek økonomirapporten for 2. tertial til vitende.

Behandling:

Det vart vist det som økonomisjef presenterte for formannskapet og kommunestyret som vart vist i møtet. Dette kan ein finne på kommunen si heimeside på Streaminga av kommunale møte. Vidare vert det vist til vedlegg i saka.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek økonomirapporten for 2. tertial til vitende.

52/21 Finansrapport pr. 31.08.2021

Vedtak:

Kontrollutvalet tek finansrapporten etter 2. tertial 2021 til vitende.

Behandling:

Det vart vist det som økonomisjef presenterte for formannskapet og kommunestyret som vart vist i møtet. Dette kan ein finne på kommunen si heimeside på Streaminga av kommunale møte. Vidare vert det vist til vedlegg i saka.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek finansrapporten etter 2. tertial 2021 til vitende.

53/21 Forenkla etterlevingskontroll 2021 Volda - Risikovurdering

Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisjonen si vurdering av risiko- og vesentleg vurdering vedkomande etterlevingskontroll med å sjå på praktisering av fleksitid/frammøte og overfør ferie, til vitende.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisjonen si vurdering av risiko- og vesentleg vurdering vedkomande etterlevingskontroll med å sjå på praktisering av fleksitid/frammøte og overfør ferie, til vitende.

54/21 Budsjett for kontrollarbeidet 2022 - Volda

Vedtak:

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2022 må ha ei ramme på kr 168.000.
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre

kommunerevisjon for 2022, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.

3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2022 blir på om lag kr 1.171.791.

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2022 må ha ei ramme på kr 168.000.
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon for 2022, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2022 blir på om lag kr 1.171.791.

55/21 Gjennomgang av møteprotokollar

Vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

56/21 Vedtaksoppfølging kontrollutvalet

Vedtak:

Gjennomgangen vert usett til neste møte i samband med behandling av kontrollutvalet si årsmelding for 2021..

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

57/21 Saker til eventuell seinare behandling

Behandling:

Det kom ikkje fram opplysningar som ga høve til vedtak for seinare saker.